



Veke 18: Rotarymøte 03.05.2023

Presidentens fråvær var det innkommande president Kjersti Hamborg Martinsen som leidde møtet. Ho opna med eit vârdikt av Åse Gulbrandsen frå diktsamlinga *Et naturlig valg* (2022) – sjå ramma. Referenten heldt sjølv foredraget denne kvelden, og tenkte for seint på å telje kor mange som var til stades, men det var vel nærmare 15 – og ein gjest, Elisabeth Heimdal, kona til Rolf H.

Emnet for foredraget var *Metaforar og metafor-teori*, som lenge har interessert referenten, og som han i fleire år underviste i ved UiO, som ein del av lingvistikstudiet.

Det eldste kjende verket som omtalar metaforen, er *Om diktekunsten*, skrive rundt 335 f. Kr. av Aristoteles. Hovudideen der, som i seinare verk frå antikken, er at metaforen er ei «overføring» (gresk *metaphorá*) av eit ord O frå å bli brukt om fenomen X til å bli brukt om fenomen Y, der X er det O «eigentleg» skal brukast om, og der det er ein viss likskap mellom X og Y. Eit døme er bruken (i Iliaden) av ordet *léōn* 'løve' om Akhillevs, for å få fram at han liknar ei løve i styrke og mot.

Fram til våre dagar har det blitt presentert ei lang rekkje andre metafor-teoriar, men eg prøvde å gjere greie for *den kognitive metafor-teorien*, som først blei lagd fram i boka *Metaphors we live by* (1980) av to amerikanske forskarar, lingvisten George Lakoff og filosofen Mark Johnson, men som er vidareutvikla seinare.

Lakoff og Johnson meiner metaforen er ei samanlikning i tankane mellom to *domene* – eit *kjeldedomene* og eit *måldomene*, som når vi forstår *tida* (måldomenet) som eit *rom* (kjeldedomenet). Det treng i utgangspunktet ikkje å vere nokon likskap mellom dei domena, men vi *etablerer* likskap gjennom måten vi forstår dei på. Eit metaforisk uttrykk er ei språkleg formulering som byggjer på ein metafor, som når vi på grunnlag av «tid er rom»-metaforen snakkar om året *som har gått*, og *ser framover* mot året *som kjem*. I norsk teiknspråk (som norske døve brukar) peikar ein framover mot framtida og bakover mot fortida, i samsvar med denne metaforen.

Metaforiske uttrykk er ikkje primært litterære fenomen. Dei høyrer til daglegtalen i alle språk, og metaforen er ein sentral del av den måten mennesket tenkjer på. Når vi møter noko nytt og ukjent, prøver vi å forstå og strukturere det på grunnlag av noko kjent; jf. t.d. artikkelen *atom* i snl.no: <https://snl.no/atom - atomteori>.

Langesund, 20. mai 2023,
Rolf Theil

Blir vi glade om våren fordi den minner oss om da vi selv spirte og sto på tå med haken i vinduskarmen og så på når de store slo ball og lagde yre vårskrick

Blir vi glade om våren fordi det minner oss om mor som åpnet huset og hang ut kjolene til lufting mens hun sang engelsk etter Jim Reeves fra et radio-kabinett som luktet varmt radiokabinett

Blir vi glade om våren fordi asfalten var tørr og du kunne kjenne varmen i stumpen når du satte deg midt i gaten og ble sulten av lukten fra stekt løk som danset ut fra kjøkkenvinduet og du visste at far snart kom på sykkel hjem fra fabrikken

Blir vi glade om våren fordi du holdt så mange engsoleier i hånden at hele ansiktet kunne gjemme seg i buketter og gi deg en duft som aldri ble borte

Blir vi glade om våren fordi vi vet at solvarmen snart vil holde om oss og hviske sommerord inn i vår lengtende kropp

Blir vi glade om våren fordi vi vender oss mot et lys som bare blir lysere og som gir oss det vi behøver for å leve